

Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga
Vegseksjonen-SAMF AVD
5020 BERGEN

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
10/1005 - 6	/ M32/	Tore Andersland -		21.01.2016

Prøveordning for bygging av gang- og sykkelveg etter forenkla standard
Dykkar ref: 2015/12737-1 ingedva

Viser til mottatt brev vedrørende prøveordning for bygging av gang- og sykkelvegar etter forenkla standardar.

Os kommune ynskjer å vera med i prøveordninga på følgjande prosjekt:

1. Hjorthaugen – Ådnadalen, ca. 560 meter
2. Hatvikvegen – Valla bru, ca. 910 meter

I vedlegget har vi lagt inn dei to prosjekta og satt inn estimerte besparelser. Det må tas forbehold om summene vi har nytta for kostnad på gang- og sykkelveg etter Statens Vegvesen sine vegnormaler og kostnad med forenkla standard.

I summen for forenkla standard har vi lagt til grunn at gang- og sykkelvegen skal opparbeidast med geonett/duk, min. 0,5 meter pukk/grus og asfalt som toppdekke. Bredden vil vera ca. 3 meter. I summene må det og tas forbehold om kostnad med grunnavståing.

For prosjekt nr.1, Hjorthaugen – Ådnadalen, så er dette ein strekning som gjenstår på prosjektet som vart starta i 2007.

For begge strekningane har vi ein situasjon med aukande trafikk i samband med stor utbygging i nærliggjande område. Her er det trafikk ut og inn i områda i tillegg til gjennomgangs trafikk. Dagens veg har ikkje nok bredde til to kjøyrebanar, ei heller g/s eller fortau. Dette har ført til at det gjennom året oppstår fleire nestenhendingar når to bilar skal møtast og mjuke trafikkantar ferdast til og frå skule, arbeid og rekreasjon.

Vi håpar at Os kommune får delta i denne prøveordninga, og ser fram til eit positivt svar

Med venleg helsing



Terje Søviknes
Ordførar



Tore Andersland
Fagleiar VVA

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

Gang-, og sykkelveggar i Os kommune – forenkla standard


Aktuelle prosjekt i Os kommune	Økonomiske besparelser	Lengde i meter	Trafikksikkerhet	Drift/vedlikehold	Kommentarer
1.Hjorthaugen – Ådnadalen (Ulvenvegen)	6,16 mill.kr	560	Idag stor trafikk på smal veg utan fortau eller G/S. Mjuke trafikkantar ferdast på same veg og førar til stor risiko for alvorlege hendingar.	Vert utført av Os kommune - estimert kr. 200,- pr. meter	
2.Hatvikvegen – Valla bru (Hegglandsdalsvegen)	10 mill.kr.	910	Idag stor trafikk på smal veg utan fortau eller G/S. Mjuke trafikkantar ferdast på same veg og førar til stor risiko for alvorlege hendingar.	Vert utført av Os kommune - estimert kr. 200,- pr. meter	

Økonomiske besparelser er her basert på ein estimert kostnad på kr. 15000,- pr. meter for G/S etter Statens Vegvesen sine vegnormaler.

- For Hjorthaugen – Ådnadalen og Hatvikvegen – Valla bru er estimert kostnad p.t. på forenkla løysing 4000,- pr. meter kr.

Gang-, og sykkelveggar i Os kommune- forenkla standard

1. Hjorthaugen – Ådnadalen (Ulvenvegen),
Ca. 550 meter lengde



Gang-, og sykkelveggar i Os kommune – forenkla standard



2. Hatvikvegen – Valla bru
(langs Hegglandsdalsvegen),
Ca. 910 meter lengde

